



## Betre politi og beredskap - svar fra Hjartdal kommune

Saksnr	Utvalg	Møtedato
20/2022	Formannskapet	25.04.2022

### Vedtak i Formannskapet – 25.04.2022:

Hjartdal kommune har følgande svar på dei 5 spørsmåla:

#### Spørsmål 1:

Når det gjeld forebygging meinar kommunen at innsatsen kan aukast for å stoppe uønska adferd og hendelsar tidleg. Innafor beredskap er det i dag godt samarbeid, og dette kan videreutviklast. Kommunen opplever at beredskapshendelsar skjer hyppigare enn tidlegare.

Kommunen ser beredskapråd og politiråd som viktige organ innafor førebygging, beredskap og sivile tenester.

#### Spørsmål 2:

Kommunen er ikkje nøgd med bemenningsutviklinga etter sentraliseringa i 2019, det er ikkje i tråd med forutsetninga for Hjartdal kommune sin del. Auke i bemanning er nødvendig slik at ein kan døgnkontinuerleg drift. Det heng igjen saman med tenesetilbodet og responstid. Når ein ikkje har døgnkontinuerleg drift, vil ein i noko situasjonar måtte trekke på ressurser frå Midt-Telemark og Tinn.

#### Spørsmål 3:

Hjartdal kommune har godt samarbeid med politiet og politikontakten, både ift beredskapshendingar og arbeid i politiråd /forebyggande arbeid på kommunenivå. Nyleg vedtatt modell for å arbeide strukturert og systematisk i politirådet er eit viktig grep kommunen bidreg med.

#### Spørsmål 4:

Lett og rask tilgang på politikontakten ved behov, er særsviktig for kommunen. Den enkelte situasjon må avgjere på hvilken måte denne dialogen skal foregå.

#### Spørsmål 5:

Kommunen ønsker ikkje eige tenestested, men ønskar at premissset om styrking av bemanning blir fulgt opp, slik at ein kan ha døgnkontinuerleg drift på Notodden. Døgnkontinuerleg drift er viktig for Hjartdal kommune ift lokal responstid til innbyggere og spesielt hytteeigerar (Hjartdal har 2.500 hytter). Dersom politiet må

prioritere vakt og beredskap kan det gå på bekostning av det forebyggande arbeidet. Det forebyggande arbeidet handlar om at politiet kan bistå ved behov, og ikkje minst vera synleg av og til: på ungdomskubben, skulen, i hyttefeltet, nær skuter-traseer osv.

Tilleggspunkt:

6. Hjartdal kommune ser at det forbyggjande arbeidet knytt til fysisk nærvær (som farts, - promille og andre kontollar) er kraftig redusert dei siste åra. Dette er ei uynskt utvikling som fører til mindre respekt for loven. Det arbeidet må prioriterast høgare i framtida.

Saksordførar: Ordførar Odden.

### **Handsaming i Formannskapet – 25.04.2022:**

Ordførar og kommunedirektør orientera kort om saka.

Ordførar fremma tilleggspunkt: Hjartdal kommune ser at det forbyggjande arbeidet knytt til fysisk nærvær (som farts, - promille og andre kontollar) er kraftig redusert dei siste åra. Dette er ei uynskt utvikling som fører til mindre respekt for loven. Det arbeidet må prioriterast høgare i framtida.

Votering: Kommunedirektørens innstilling einstemmig vedtatt med tillegg av ordførar sitt forslag om nytt punkt 6.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Hjartdal kommune svarar på brevet fra Justis- og beredskapminisaren med dei svara som er gjeve under vurdering

**Samandrag:**

Kommunane i Noreg har motteke eit brev der kommunen er bedt om å svare på fem spørsmål. Kommunen har hatt dialog med beredskap, dei store tenestane og samtale med lokal politikontakt, for å få innspell i saka.

Brevet er lagt ved denne saka som vedlegg.

**Saksopplysninger:**

Dei fem spørsmåla i brevet er (sitat):

1. Hvilke utfordringer mener dere kommunen vil stå overfor innenfor områdene forebygging, beredskap og sivile tjenester de neste årene?
2. Er kommunen tilfreds med politiets bemanningsutvikling, tjenestestedstruktur og tjenestetilbud? Hvis ikke, hva er årsakene?
3. Både kommunen og politiet har ansvar for å sikre innbyggernes trygghet og gode tjenester. Hvordan kan polititjenestene og samarbeidet mellom kommunen, politiet og ev. andre lokale aktører som nabokommuner og fylket videreutvikles for å sikre dette? Hvilke ressurser ser kommunen for seg at de kan avsette til videreutvikling av samarbeidet om å sikre innbyggernes trygghet?
4. Hva er ønsket utvikling når det gjelder tilgjengeligheten til politiets tjenester?
  - Via et tjenestested i politiet?
  - Via fysisk tilstedeværelse annet sted enn på et tjenestested?
  - Via fysisk oppmøte?
  - Via telefon?
  - Via internett?
5. Ønsker kommunen et nytt tjenestested i politiet? Hvis ja, kan kommunen tilby lokaler, for eksempel samlokalisering med andre kommunale tjenester?

## Vurdering:

Hjartdal kommune har følgande svar på dei 5 spørsmåla:

### Spørsmål 1:

Når det gjeld forebygging meinar kommunen at innsatsen kan aukast for å stoppe uønska adferd og hendelsar tidleg. Innafor beredskap er det i dag godt samarbeid, og dette kan videreutviklast. Kommunen opplever at beredskapshendelsar skjer hyppigare enn tidlegare.

Kommunen ser beredskapråd og politiråd som viktige organ innafor forebygging, beredskap og sivile tenester.

### Spørsmål 2:

Kommunen er ikkje nøgd med bemanningsutviklinga etter sentraliseringa i 2019, det er ikkje i tråd med forutsetninga for Hjartdal kommune sin del. Auke i bemanning er nødvendig slik at ein kan døgnkontinuerleg drift. Det heng igjen saman med tenesetilbodet og responstid. Når ein ikkje har døgnkontinuerleg drift, vil ein i noko situasjonar måtte trekke på ressurser frå Midt-Telemark og Tinn.

### Spørsmål 3:

Hjartdal kommune har godt samarbeid med politiet og politikontakten, både ift beredskapshendingar og arbeid i politiråd /forebyggande arbeid på kommunenivå. Nyleg vedtatt modell for å arbeide strukturert og systematisk i politirådet er eit viktig grep kommunen bidreg med.

### Spørsmål 4:

Lett og rask tilgang på politikontakten ved behov, er særsviktig for kommunen. Den enkelte situasjon må avgjere på hvilken måte denne dialogen skal foregå.

### Spørsmål 5:

Kommunen ønsker ikkje eige tenestested, men ønskar at premissset om styrking av bemanning blir fulgt opp, slik at ein kan ha døgnkontinuerleg drift på Notodden. Døgnkontinuerleg drift er viktig for Hjartdal kommune ift lokal responstid til innbyggere og spesielt hytteeigerar (Hjartdal har 2.500 hytter). Dersom politiet må prioritere vakt og beredskap kan det gå på bekostning av det forebyggande arbeidet. Det forebyggande

arbeidet handlar om at politiet kan bistå ved behov, og ikke minst vera synleg av og til: på ungdomskubben, skulen, i hyttefeltet, nær skuter-traseer osv.

**Konklusjon:**

Visar til innstilling i saka.

**Vedlegg:**

- 1 Brev til kommunene om bedre polititjenester og beredskap.pdf